




Pust

og

fem



Teater 1



Pust og fem

av

Samuel Beckett
Omsetjing: Bjørn Endreson
Sett saman av Tom Tellefsen

Regi: Svein Erik Brodal/
Tom Tellefsen
Regiassistent og sufflør:
Torill Steinlein
Scenografi og kostyme:
Mia Runningen
Lyssetjar: Ole Randers
Inspisient: Krzysztof Seliga
Rekvisitør: Marit Fjeldstad
Lyd: Meny Bloch
Maske: Marit Framstad
Scenemeistrar: Hervé Huck/
Andreas Zsidek

Première på Prøvesalen
13. september 2000

Pust

Teater 1

A: Sigve Bøe
B: Tom Tellefsen

Skala

Steg.

May: Ulrikke Greve
Røyst: Ragnhild Hilt

Skala

Spel utan ord II

A: Sverre Bentzen
B: Tom Tellefsen

Pust

Pause

Siste Bandet

Krapp: Tom Tellefsen



Forlag: Nordiska Strakosch Teaterforlag

Foto: Helene Levand

Programredaksjon: Signe Bjørvik, Ida Michaelsen,
Ola E. Bø, Svein Erik Brodal

Grafisk formgjevar: Knut-Jarle Hvitmyhr
Trykk: Falch AS

JA-MANN I NEI-LAND

Samuel Beckett. Frå påskedag til julefredag. Eit liv i høgtidsramme. For ein som tok alt høgtidleg og spøkte med at han gjorde det. Fødd før Kristus stod opp, død før Kristus vart fødd. Utan at verda visste om det før han var gravlagd, utan ord, i stille som var eit mål for han, bakom ord og tankar, eit drama utan replikkar, endeleg utan. Nær skodespelet *Pust*. Eit skrik. Eit andedrag. 30 sekund. Han mista pusten, seier dei. Vart kvelt, 83 år.

Merkeleg at han heldt seg så lenge i kampen med det umoglege: Vera død og samstundes oppleve stoda, liggje i evinneleg spagat mellom nirvana og dualisme. «Eg har det vondt, ergo er eg». Kroppens Godot-syssel blir han vanskeleg kvitt. Men Sisyfos bar og bar sjølv om han på førehand visste at steinen ville rulle ned igjen. «Kunstnarens jobb er på førehand fiasko». Eldens tjuv fekk også sitt, måtte la fuglane hakke han i det uendelege.

Men god kropp hadde han jo. 70 år gammal såg han ut som ein spydkastar på veg til olympiaden. I vrent fårepels. Sjølv om psykosomatikken var ei stadig plage. Idrettslys og skolelys. Boksing, roing, rugby - og sjakk.

Stipend og lærdom. Men slo så brått om. Ville ikkje undervise i noko han ikkje sjølv forstod. Tålte ikkje kyrkjelege og borgarlege Irland. Dreiv omkring i Tyskland, kom seg frå den siste rennesteinen til Paris, og blei der. Bytta klede og språk og berre skreiv. Kunne ikkje, ville ikkje, måtte. Lyrikaren skreiv romanar og romanforfattaren drama. Nobelprisen kom i 1969. Han ville helst ikkje hatt han.

I ei verd der det er riktig å ha meiningar om det meste, vart Beckett den som opplevde at det ikkje er menneskeleg mogleg å ha meiningar om noko som helst. «Eg veit ikkje, ergo er er eg». Kom det ei meining, vart ho rett etter slått over ende eller møtt med det motsette. Paradoks og total ambivalens. Det regnar og regnar ikkje - samstundes.

I ei verd av store ytre aktivitetar og interesser var Becketts heile liv vegen innover. Alle hans uttrykk var indre sinnsrealisme. Universet var ein skalle. - Apolitisk. Men da jødevennen vart jaga under krigen, vart han med i striden, måtte flykte og fekk sidan krigskors av de Gaulle.

Men mørk var han, hundreårets pessimist. Keia seg gudsjammerleg når han ikkje arbeidde - eller leste sportssida - eller prata med Schopenhauer og Buddha. Så han skjønna aldri kvifor nokon ville ha tak i det ytre livsløpet. Det var lik null. (Men han vart da knivstukken i ei nattgate og gift i ein liten by ingen fann fram til.)

Han slost lenge. Ti liners vers og ei novelle i året. Inntil orda begynte å renne ustoppeleg. 40 år gammal. Forleggjarar og teater sa endeleg ja, og etter kvart også publikum. I ei form så tett og gjennomarbeidd at stoffet trefte skikkeleg. «Kva er vitsen i å lese meir når ein Beckett var lesen? Eller skrive?» sa ein av våre større forfattarar. Ned til det vesentlege, avskalla alt, ned til «nakne elementære tonar, den som vil ha forklaring, får ta seg ein globloid.»

Den svarte humoren berga han. «Ingenting er så morosamt som det ulykkelege», seier Nell til Nag der dei ler seg kvekk og tenkjer på bryllupssykkelturen da dei begge mista begge beina i Ardenane. Og det barokke og sjølvsgade mellom frynser av Shakespeare og Dante, ein som feis

under krossfestinga, men det store spørsmålet der var vel kvifor berre den eine røvaren skulle bli med til paradiset.

Kvifor etter kvart mest skodespel?

Avgrensinga i tid og rom. Kanskje trong til kontakt med andre, berge helsa. Men ingen interesse for anna teater enn eige. Alt i svart/kvitt, granskande lys, eller halvmørker. Og ikkje noko «skodespeleri». Låg, som regel monoton tale. Ingen tapet og lysekroner som avleier. Publikum får la seg hypnotisere eller sovne. Eller gå. Lite med rørsler. Lite med intrigar og handling. Monologar i sprang og rundgang. Dagleg liv i hovudkloden.

Sluttspel byrjar med replikken «Det er slutt. Nesten slutt.» Tilveret er alltid nesten slutt. Ingen framsteg, inga utvikling. Vi gror nedover. Dei einaste viktige scenebod er pausar. Mange og gitt i sekund. Den skrekkelege stilla der tomheita sig inn, der det sagde blir fordøydd og det nye blir til.

Vi sat ein gong på «Lilas», Becketts bar. Eg hadde ikkje møtt han før, men ikkje jobba med stort anna i ti år. Stilla var sjølsagt. Om «livet»? Ikkje eit ord. Om detaljar og regi: Månen i Godot, søppelkassene. Om høypespel kunne bli brukt på scenen? Nei. Om vindauga i *Sluttspel* kunne vera ut mot salen?

God idé, ja. Om snø og ørken og Arsenal og Vest-Indias cricketlag. Han var i Marokko om vinteren, i hytta ved Seinen når han skreiv. Eller i huset nær «Lilas», Montparnasse. Med utsikt til fengslet. Nei, skreiv ikkje etter klokkeslett. Venta. - I fleire av stykka hans kjem eit skrik i tolmodet. Eit einaste. Som da Hamm angrar på at han ikkje har tatt godt nok vare på mor Pegg. Skriket i «Lilas» var is. Kelnaren kom med whisky. Beckett skålte, lyfte det høge glaset, og innhaldet for ut som med eit svepeslag, isbitar small i parketten og sklei som puckar inn under stolar og bord. Kelnaren burde visst at irsk whisky ikkje skulle vera kald. Og så heldt praten fram like roleg som før. Og kelnaren fekk rikeleg med tips. Han var vikar.

Pause. Det regna og bles. Hummaren i vindaugebassenget var uroleg. Var det her han hadde kome på «Dante og hummaren»? Den som til slutt vart kokt. «Ein vond død. Nei, det var det ikkje». Og paret under taksjeggjet gjekk endeleg inn. - Kjærleiken? Sterkt å møtast. Men aldri for nær og for lenge, trur eg han skriv. Ingen lurt, ingen brydd. Og minnet er sterkare enn møtet, som 20 år seinare enn i prammen på Østersjøen der dei «vogga blant siv». Men ingen vits i å gå vidare, meinte Knap. Og ho var einig. (Men han meinte òg at ein gong i veka med Lucy var «betre enn eit spark i skrevet»).

Eg ønskjer min kjæraste døydde og at regnet fall på kyrkjegarden og på meg som går i gatene og sørgjer over ho som elska

Men den sju år eldre Suzanne tok godt vare på han. «*Happy Days* - det var vi». Molloy fann vegen til mor si og ønskte han hadde drepe ho før han var fødd. Om han var gift? Kanskje.

Men snill var han, seier vennene. Til det grenselause. Om nokon hadde kome og tatt alt han åtte, ville han berre stått og sett på dei. «Sei alltid frå når du kjem til Paris.» Farvel «Lilas».

For ein som reagerer på menneskeleg vondskap, må Gud vere eit udyr, ein sanselause fyllick eller rein tåke. Becketts profet var Habakuk, den første i Bibelen som vågde å kritisere Gud for dårleg styring av verdscommunen. Var Lucifer den som sigra?

Kva skal vi med ein person som er (slik Joyce seier om ein av sine) ein «Neimann i Nei-land», eller ingen i ingenmannsland? «Går aldri inn der meir», sa ei tante som såg *Vera saman*, «men eg gløymer det aldri.» Kva skal vi med han. Jo, så mykje: Puritanaren som aldri gav seg før kvar line kom ned til det knappaste,


enklaste, mest presise, som aldri gjekk på akkord. Den lærde som heldt ut eit langt liv utan å vere viss på noko. Vevaren som laga mønster for dei håplaust rotete, ordne i kaos. Laga ståstad for dei som er i vatn til halsen. Ei kurompe til å halde fast i på farten over vollen, ville han kanskje sjølv sagt. Kanskje helst motet. Motet til å kutte ut det ytre og berre sjå innover, våge å bli kalla halvgalen. Narcissus, sjå seg i vass-spegelen og lyde til Ekko utan å drukne i sjølvforakt.

«Om kjærleiken svinn frå denne plassen i sorg, er grunnen den at gledene var falske. Verda blir verre, alt snur seg om til pine. Kvar dag blir mindre verd enn den førre.» Kven kjenner seg ikkje igjen ei vakenatt på kortet, kjenner igjen kvardagslivet i *Happy Days*, ventar på eitt eller annan, anten det no blir kalla Godot eller mor eller sluttspel.

Bøkene står i hyllene, men det milde furete andletet er borte. Når venner og kjære går bort «er himmelen berre drivande skyer når horisonten bleiknar».

Han kunne vel også ha sagt.
Eg tok feil, altså var eg.

Bjørn Endreson.



BECKETT-GJENGEN, VED TO AV DEI, VIL HELST IKKJE HA FOR MYKJE SNAKK OM BECKETT-GJENGEN.

Tom Tellefsen går rundt på teatret med den gamle skalken «sin» igjen, sjølv sinnbildet av Beckett på Det Norske Teatret. «Beckett-gjengen», seier folk som har levd ei stund og får eit mildt og fjernt uttrykk i ansiktet, og alle kan minst ein anekdote frå rekkja av Beckett-framsyningar som gjekk på DNT frå 1970 med Bjørn Endreson som omsetjar og instruktør. Han var den einaste i gjengen som sjølv møtte Beckett, og som fekk nokså frie hender med stykka hans. Beckett-gjengen på gamle Scene 2 i Rosenkrantzgt 11 er blitt ei moderne teatermyte. Beckett-gjengen sjølv, representert ved to av dei, Tom Tellefsen og suffløren Torill Steinlein, bles litt av heile greia.

- Vi var jo ikkje dei første som spelte Beckett her i landet, seier Tom, fleire teater hadde hatt stykka hans på repertoaret, ja norske teater var tidleg ute med Beckett. Det Nye Teater spelte *Mens vi venter på Godot* alt i 1955, to år etter at stykket kom ut, same året som det hadde London-premiere. Radioteateret var også tidleg ute, og Den Nationale Scene i Bergen hadde hatt mange på repertoaret før vi begynte i 1970. Eg hugsar forresten godt produksjonen

på Det Nye.

Her på Det Norske begynte det med at skodespelaren Bjarne Andersen skulle få velje seg eit stykke, det vart *Mens vi venter på Godot*, med Bjørn Endreson som instruktør.

Og utanom Bjarne, var det altså eg, Bjørn Jenseg og Kåre Wiklund i rollene. Elsa Isefjær var forresten sufflør. Og seinare kom ho som her sit. - Det var året etter, presiserer Torill, - og mitt første møte med teatret, eit par og tjuo år gammal, rett inn i lag med den gjengen, eg forstod ikkje eit pip til å begynne med. Eg trur prøvene var i Bøndenenes Hus.

- Var det den gongen eg kasta manuset og gjekk? spør Tom.

- Gjorde du ikkje det heile tida, da?

- Det var vel *Sluttspel*, det?

- Ja, det var det som var mitt første stykke. Ei veldig spennande tid og den beste skule ein kan tenkje seg for ein sufflør, å få jobbe så tett innpå alle som var med. Vi hang jo saman dag og natt, så og seie, så det var jo ikkje så rart at vi vart kalla «Beckettgjengen»,

heller. Gode venner blei vi òg. Og prøvetid på vanleg måte var det jo ikkje snakk om.

- Nei, det utvikla seg ei eiga arbeidsform, det kunne begynne med ein kopp kaffi rundt bordet i Einars vesle «cafe», og så kom Bjørn da (Endreson) og sat og bladde, og så begynte vi kanskje å diskutere og så blei vi så engasjerte at vi gløymde oss heilt bort. Og når inspisienten kom, så spurte han alltid om vi skulle ha pause eller om vi berre skulle fortsetje. Det utvikla seg ei heilt spesiell arbeidsform.

- For Bjørn blei jo dette starten på eit veldig sterkt engasjement i Beckett si diktning som prega han livet ut.

- For DNT har det òg betydd mykje. Det var med på å profilere teatret, ein periode over fleire år med nokså intens jobbing med Beckett-stykke. Og ikkje minst, det kom folk. Ein del rare folk òg. Eg hugsar spesielt ein, han sat heilt framme. Eg la straks merke til han, for han niglodde på eit bilde på eine veggen i dekorasjonen. Og det bildet hang skeivt og det hang galne veggen. Og han blei meir og meir forknytt og eg kunne sjå korleis han



kjempe med å halde seg. Og til slutt klarte han det ikkje lenger, han reiste seg, marsjerte opp på scenen, snudde bildet, hengde det beint og gjekk roleg ned og sette seg.

- Kunne godt ha vore skrive inn i stykket, heilt Beckett-sk.

Når de no går laus på dette stoffet tretti år etterpå, er det for å halde liv i myten om Beckett-gjengen?

- Nei, absolutt ikkje. Eg veit at yngre skodespelarar på huset har klaga over at dei ikkje fekk vere med. Det kan eg

godt forstå, og det må vi gjere noko med neste gong. Eg unner alle skodespelarar å få arbeide med Beckett. For det som slår meg, og eg har jo tatt fram Beckett-tekstar både på 80- og 90- talet, det er kor nye tekstane verkar kvar gong. Du finn alltid noko du ikkje har sett før, det er alltid sider ved teksten du kan utforske på nytt. Eg ønskjer ikkje å bli sett i ein Beckett-bås, eg kjem attende til Beckett fordi det er noko der.

- Av dei tekstane eg har hatt i fanget gjennom tretti år på DNT, er det utan

tvil Beckett som ligg mitt hjarta nærast. Det er kanskje humoren hos Beckett som fascinerer meg mest, smiler Torill, den håplause humoren, eller humoren i det håplause. Eg har ofte merka at når det er barn i salen, så grip dei lettare det naive og nakne i situasjonane enn vaksne, som gjerne skal intellektualisere. Barn reagerer med latter, det har lært meg mykje om Beckett.




Ola E. Bø

SAMUEL BECKETT PÅ DET NORSKE TEATRET

<i>MENS VI VENTAR PÅ GODOT</i> 1970 Omsett av Åse-Marie Nesse Regi: Bjørn Endreson	Tom Tellefsen, Bjarne Andersen, Ulrikke Greve, Elisabeth Bang, Jan Clementz	Endreson/ Snorre Tindberg Mona Hofland, Tom Tellefsen
Med Bjarne Andersen, Tom Tellefsen, Bjørn Jenseg, Kåre Wicklund, Tarjei Straume	<i>VERA SAMAN</i> 1983 Omsetjing, regi og scenografi: Bjørn Endreson	<i>TRASS I ALT</i> 1991 Omsetjing, regi og scenografi: Bjørn Endreson
<i>SLUTT SPEL</i> 1971 Omsetjing, regi og scenografi: Bjørn Endreson	<i>Augneblink, Voggesong, Litt av einetale, Samvær</i> Odd Furøy, Tom Tellefsen, Tordis Maurstad	Tekstar frå <i>Molloy, Malone døyr</i> og <i>Den unemnlege</i> Tekstutval ved Gerry Dukes og Barry McGovern Tom Tellefsen
Med Bjarne Andersen, Tom Tellefsen, Kåre Wicklund, Åsta Voss	<i>KATASTROFE – AV OG TIL HAVEL</i> 1984 Omsetjing, regi og scenografi: Bjørn Endreson	<i>EIN SØRGJELEG TIME MED TOM TELLEFSEN KANSKJE TO...</i> 1996 omsett av Bjørn Endreson Tekstutval ved Tom Tellefsen Regi: Bjørn Endreson/Tom Tellefsen
<i>6 BECKETT</i> 1975 Omsetjing, regi og scenografi: Bjørn Endreson	for Beckett-tekstane som var: <i>Kva var og Katastrofe</i> Odd Furøy, Jack Fjeldstad, Ragnhild Hilt, Tom Tellefsen	<i>Trass i alt, Mannen frå Sluttspel, Spel utan ord</i>
<i>Kjem og går, Siste bandet, Spel utan ord I, Spel, Ikkje eg, Spel utan ord II</i> Tom Tellefsen, Bjarne Andersen, Elisabeth Bang, Ulrikke Greve, Ragnhild Hilt, Arna Hammersmark, Vidar Wold Haavik	<i>EIN SØRGJELEG TIME MED TOM TELLEFSEN</i> 1986 Tekstar av Kafka, Mrozek, Beckett og Askildsen	Tom Tellefsen
<i>PUST OG FIRE</i> 1980 Omsetjing, regi og scenografi: Bjørn Endreson	<i>GLADE DAGAR</i> 1986 Omsetjing, regi: Bjørn Endreson Scenografi og kostyme: Bjørn	
<i>Pust, Teater I, Steg, Teater II, Dengong</i>		

1077

Spel utan ord II



Kan eg tilgi Gud for at han ikkje eksisterer? Og om han eksisterte, kunne eg då tilgi han for den lidinga han utset menneska for?

Eg har aldri i mitt liv vore på veg til noko som helst, berre vore på veg.

Sei meg meininga med livet, og eg vil gjere noko.

Å, desse menneska – alltid må dei ha ei forklaring!

www.fokus.no

Fokus Nettbank - heilt enkelt

Du får oversikt over egne konti. Kan overføre pengar mellom dei. Betale rekningar. Søkje om lån og rekne ut lånekostnader.

Du kan gjere det meste - heilt enkelt.

Hovudsponsor for Det Norske Teatret





Fokus **Bank**

del av Danske Bank

Depotbiblioteket



01sd 05 037



Siste bandet

det norske teatret